



Lyser opp når det går mot mørkere tider.

Ved utgangen av september kan vi slå fast at haustveret stort sett har vore regntungt, trist og med skodde liggjande ganske så lågt. Rett nok har vi heldigvis hatt nokre kjærkomne dagar med strålende haustver. Slikt lyser opp og betyr mykje! Det gjer det og å sjå at bygda er vakkert pynta når haustmørket no står for døra.

Mykje av haustpyntinga syt naturen for sjølv med vakre haustfargar. Likevel set det ein ekstra spiss på det når vi kjører gjennom bygda, og mellom anna blir møtt av det vakre blomsterbedet ved busslomma ovanfor skulen. Det lyser verkeleg opp no når høstmørket står for døra!! Det er sjeldan fint når vi tenkjer på at vi er ved inngangen til oktober og har ein periode med mykje ruskever bak oss.

Det er Uskedalen Utvikling som er ansvarleg pyntinga i bygda. Sella Hjørnevåg er pyntesjef, og det er tydeleg at ho og medhjelparane hennar har gjort ein god jobb!! Dette ser vi både i nemnde bed, ved gamleskulen, på busslommer og andre stader rundt i bygda. Dette set vi stor pris på!!

Takk og til alle andre som er med og pyntar bygda!

Av: Thor Inge Døssland.